

SFO KLADDEN JANUAR 2019

Sidan sist:

Godt nytt år til alle!

Vi er i gang med vårt nye prosjekt: «Matjungelen». Det er eit prosjekt i regi av helsedirektoratet, som fokuserer på mat som er bra for kroppen, men og mat som er bra for kloden vår. Det er ikkje matlaging kvar gong, men aktiviteter som skal gjere barna nysgjerrige og bevisste på å ta gode val.

Vi legg ut informasjon på nettsida under SFO.

De kan og gå inn på «Matjungelen.no» og lese om det der.

Personalet har hatt introduksjonskurs og førre veke hadde vi introduksjon for barna på alle gruppene. Vi har laga matjungel palme der alle har fått hengt opp sin favorittfrukt/mat. Barna var veldig engasjerte, så dette trur vi blir kjekt.

Det vert 1 aktivitet kvar månad og vi skal prøve å legge ut litt bilete og informasjon etterkvart.

Fredag 01. februar skal 1-3 kl. ha skule i barnehagen, og SFO skal og vere der heile opningstida. De må derfor ta med heim klede og sko torsdag, og ta med klede til å vere ute i, og bytekler, på fredag.

Vi vil vere der ifrå kl.07, og barna må leverast i øvste etasje, inngang oppe.

Det skal vere eit stort arrangement på skulen og vi ventar stor trafikk i tida mellom 7.45 og 8.30, og på ettermiddag i 15.30 - 16 tida,

Vi sperrar av nokre plasser oppe ved barnehagen til levering og henting av barn i SFO tida.

Vi ynskjer at de kjem opp og hentar barna då det vert stor trafikk i området.

De kan nå oss heile dagen på vår mobil:

1 klasse: 97199488, 2 klasse: 48006651, 3 og 4klasse: 48047636

For SFO

Irene Ormevik